



Naturvernforbundet

Kvam



Naturvernforbundet

Hordaland

Til:

Ullensvang kommune

Opheimsgata 31

5750 Odda

Bergen, 19. januar 2023

Detaljreguleringsplan for Tryglavik, plan-ID 46182022006, Ullensvang kommune

Merknader frå Naturvernforbundet i Kvam og Naturvernforbundet Hordaland

Eit biogassanlegg med djupvasskai og veg i Tryglavik vil føra til at eit svært verdifullt natur- og friluftsområde vert borte for alltid. Tryglavik og Jonaneset er ein naturleg del av Gullbergnotten naturreservat og har nasjonal referanseverdi.

Naturvernforbundet meiner at naturverdiane i fjorden og strandområdet ikkje er fagleg vektlagt i prosessen for den gamle kommuneplanen for Jondal kommune i 2012 og heller ikkje vurdert i den nye kommuneplanen som er under gjennomføring. Området bør vurderast i den nye kommuneplanen før ein går vidare med ein reguleringsplan.

Biogassprosjektet er kronargumentet for vekksprenginga av Tryglavik. Når Ullensvang kommune opnar planprosessen før forprosjektet er avslutta og konkludert, svekkar det tilliten til kommunen og den demokratiske planprosessen.



I Temaplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2021-2025 for Ullensvang kommune¹, vedteken 24. mars 2021, side 53, står det om badeplassar at Tryglavik er registrert som 1 av 9 område i kommunen og 1 av 2 område i tidlegare Jondal kommune. I temaplanen er det ikkje nemnt at Tryglavik er lagt ut som næringsområde i arealdelen til kommuneplanen for Jondal. At Tryglavik er ein av to viktige badeplassar i Jondal er heller ikkje nemnt av kommunen i samband med grunnlagsdokumentet for reguleringsarbeidet².

¹ <https://ullensvang.kommune.no/artikkel/temaplan-for-fysisk-aktivitet-idrett-og-friluftsliv-i-ullensvang-2021-2025/>

² <https://ullensvang.kommune.no/oppstart-av-detaljreguleringsplan-for-tryglavik/>



Naturvernforbundet

Kvam



Naturvernforbundet

Hordaland

Ny kommuneplan under arbeid, mangel på kunnskap om naturverdier



Tryglavik fekk ny planstatus som næringsareal i kommuneplanen for Jondal frå 2012. Området grensar mot naturreservatet Gullbergnotten og har mange like kvalitetar. Gullbergnotten fekk status som naturreservat i 1999 og vart vedteke utvida så seint som hausten 2022.

Området er ein del av den lange strandsona frå Kyrkjenes mot Jonanes, Dragsviki og Tryglavik som i dag er utan inngrep. Området har store friluftsf- og naturverdier og kan karakteriserast som eit særskild verdifullt naturområde frå fjord til fjell med verdier langt ut over regionen. Det er få slike område i Ullensvang og Hardanger der fylkesvegen ikkje skapar ein barriere mellom fjord og fjell. Jondal kommune gjennomførte ein konsekvensanalyse (KU) i samband med kommuneplanen som vart vedteken i 2012. Teknisk kontor evaluerte og skreiv KUen som i dag kan oppsummerast som veldig kort og lite kunnskapsbasert.

For å ta vare på naturverdiane rundt Gullbergnotten har reservatet vorte utvida to gonger, sist i desember 2022. Naturverdiane rett utafor reservatet er truleg like store som i reservatet pluss kvalitetane i strandsona. Dersom ein vurderer strandsona i ein større heilskap, vil det vera mest logisk å innlemma Tryglavik og Jonaneset i Gullbergnotten naturreservat. Jonaneset har sjeldne kvalitetar og er kanskje eit av dei siste referanseområde i midtre Hardanger omtrent utan inngrep. Dersom dette vert ein del av Gullbergnotten naturreservat hadde området kunna karakteriserast som eit nasjonalt viktig referanseområde.

Ullensvang kommune bør vurdere dette i den komande arealdelen til kommuneplanen som alt er igong. Kommuneplanen skal nettopp ta desse diskusjonane og sjå langt fram på alle område. Kommunen har derimot vurdert området som eigna til industri, næring og ny hamn og akutt starta opp reguleringsarbeidet.



Naturvernforbundet

Kvam



Naturvernforbundet

Hordaland



Naturvernforbundet er kritiske og meiner dette er ei udemokratisk tilnærming til kommuneplanen. Når tre kommunar vert slått saman og skal utarbeida ein felles, moderne kommuneplan, er det udemokratisk å plukka ut enkelte område, der ein opprettheld den gamle planstatusen utan ei grundig vurdering, og utan å henta inn ny kunnskap. Kommuneplanarbeidet skal leggja opp til ei heilskapleg arealvurdering sett i eit tiårs perspektiv og er difor ein viktig pilar i demokratiet. Kommunen skal dokumentera at det er gjort vurdering av alternative plasseringar. Naturvernforbundet har ikkje fått tilgang til dokumentasjon frå kommunen på at dette er gjort. «Rambøl-rapporten» frå 2019 er ein del av forprosjektet og ser berre på logistikkutfordringane mellom leverandør og anlegget.



Illustrasjon frå Renevo



Naturvernforbundet

Kvam



Naturvernforbundet

Hordaland


Problemstillinga med manglande vurdering av alternative område vert understreka av Sivilombudsmannen i 2022 i eit ettersyn av ei større sak i Kristiansund kommune³. Ombudsmannen konkluderte i 3 punkt, me viser til punkt 1:

«Ombudet er kommet til at det er begrunnet tvil ved om undersøkelsene av om det fantes «relevante og realistiske alternativer» til plasseringen av næringsområdet på Toftøya, har vært omfattende nok til å tilfredsstille kravene i konsekvensutredningsforskriften, jf. forskriften § 19 siste ledd. Ombudet mener videre at det ikke er gitt en tilstrekkelig begrunnelse for hvorfor plasseringen på Toftøya ble ansett som det eneste relevante og realistiske alternativet. Undersøkelsene av øvrige alternativer er heller ikke godt nok dokumentert.»

Naturvernforbundet meiner det same gjeld i Tryglavik og vil utdjupa dette seinare. Vidare har ikkje Naturvernforbundet registrert at politikarane i Ullensvang har vore på synfaring i det aktuelle området.

Ny kunnskap om raudlista bambuskorallar

I november 2020 vart det påvist eit område med bambuskorall i nærleiken av Tryglavik. Planar om eit oppdrettsanlegg utløyste ei undersøking av fjordbotnen og den raudlista naturtypen bambuskorallskogbotn (EN – truga) vart registrert, i tillegg til den raudlista blautkorallen kjøtkorall; sjå rapporten frå Rådgivende biologer⁴ på side 21.



Bambuskorall (*Isidella lofotensis*). Foto: Rådgivende biologer

Då desse korallane vart påviste fekk ikkje oppdrettsanlegget etablert seg ved Lausanakken, som ligg omlag 1,5 km innafor Tryglavik. Storleiken på korallforekomsten er ikkje kartlagt:

«førekomstane har truleg større utbreiing enn det avgrensa området»

Rådgivende biologer, 2020

Fylkesmannen har også interessante observasjonar og vurderingar i samband med søknaden om utanlandskabelen «North Connect»⁵.

³ <https://www.sivilombudet.no/uttalelser/konsekvensutredning-av-alternative-lokaliteter-ved-planlegging-av-toft-naeringsomrade/>

⁴ <https://www.radgivende-biologer.no/wp-content/uploads/2019/10/2876.pdf>

⁵ [https://www.regjeringen.no/contentassets/89bb73249c264b1ca17120c6eba9dc75/fylkesmannen-i-vestland.pdf?uid=Fylkesmannen i Vestland](https://www.regjeringen.no/contentassets/89bb73249c264b1ca17120c6eba9dc75/fylkesmannen-i-vestland.pdf?uid=Fylkesmannen%20i%20Vestland)



Naturvernforbundet

Kvam



Naturvernforbundet

Hordaland

Konsekvensane av ny kunnskap om naturverdiane

Diverre har det ikkje vore gjort slike naturvurderingar før Tryglavik vart valt som næringsområde. Det siste tiåret har ein vorte meir og meir klar over verdien av urørt natur kobla mot naturmangfald og klima. Alvoret vart understreka i vedtaka som vart gjort i FN sitt naturtoppmøte i desember 2022. «Bit-for-bit»-utbygginga står for ca. 40 % av artstapa ifølge ein rapport frå FN. Kommunen har ansvar for arbeidet lokalt og skal bruka alle verktøy i plan- og bygningslova for å unngå naturtap.

Naturvernforbundet meiner at alle område som idag er om omdisponerte/utbygde må takast i bruk før nye naturområde vert industrialiserte.



Lokaliseringa av biogassanlegget og manglande prosjektstyring

I 2018 starta Jondal kommune opp arbeidet med å vurdere eit biogassanlegg for regionen. Forstudierapporten frå 2019 (utan dato og signering) oppsumerte i 7 punkt at arbeidet var av regional verdi og skulle vidareførast i eit forprosjekt med same organisering. Forprosjektet hadde ein ramme på kr 1,65 mill og fekk offentlege tilskot frå fylkeskommunen og fleire. Ein logistikkanalyse frå Rambøll i 2019 vurderte transportlogistikken relatert til henting av gjødsel og levering av biorest. Konklusjonen peika ut Tryglavik som beste plassering blant fire alternativ. I 2023, fire år etter, er det fortsett ikkje presentert ein avsluttande rapport frå prosjektet.



Naturvernforbundet

Kvam



Naturvernforbundet

Hordaland

Gjentatte purringar mot Ullensvang kommune har ikkje avdekket referat, konklusjonar eller andre skriftlege rapportar som oppsummerer arbeidet og kvaliteten i forstudiet.

Naturvernforbundet har registrert «tilsegnsbrevet frå fylkeskommunen» datert 27.8.2019, der det er framsatt rapporteringskrav. Per dags dato har ikkje fylkeskommunen utbetalt prosjektsummen på kr 700.000 til Ullensvang kommune. Saka har også vorte diskutert i Hardangerrådet som eit tiltak for heile regionen, men Hardangerrådet har ikkje gjort noko vedtak.

I logistikkrapporten frå Rambøll er det vurdert tre andre aktuelle område for eit biogassanlegg i Hardanger. Analysen har fokus på område som alt er tilrettelagt for industri: Bakka i Kvam, Lindenes nær Tyssedal og Utne. Dersom «Rambøllanalysen» er det einaste dokumentet, som viser til Tryglavik, har prosjektgruppa ikkje fullført oppdraget sitt. Me forstår at transportlogistikk er viktig og kan generera meirkostnader over tid, men dette skal langt ifrå vere einestyrande i prosjekterings- og idéfasen.

Naturvernforbundet meiner eit biogassanlegg skal tena heile regionen. Råstoff vert innsamla og redistribuert i fleire kommunar både med bil og båt. Anlegget skal stå i generasjonar og det vert brukt store offentlege midlar regionalt og nasjonalt på forprosjektet og på etableringa. Eit biogassanlegg krev god tilkomst for lastebilar. Det bør vere ein framtidsretta kai som kan ta mot store mengder avfall frå oppdrettsindustrien og som kan bidra til at andre næringar med like behov får tilkomst til fjorden. Med andre ord er kaipotensialet av stor betydning for eit velfungerande anlegg og ein større industrietablering.

Kostnadane med opparbeiding av urørt natur og ny kai versus lån eller sambruk av eksisterande kai, bør stå som eit sentralt tema i eit forstudie. Byggjekostnader, sambruk og synergieffektar vil over tid vere avgjerande for at Ullensvang og Hardanger skal lykkast med meir næringsutvikling relatert til biogass. Dersom dette ikkje er diskutert og analysert i forprosjektet kan ein lokalisering i Tryglavik over tid vere negativ og hemmande for utviklinga av anlegget.

Ullensvang kommune har mottatt store offentlege summar og brukt 5 år til diverse utgreiingar, likevel vel kommunen å gå rett på ein regulering av Tryglavik, lenge før ein konkluderande rapport er presentert. Naturvernforbundet meiner dette er ein høgst uvanleg saksgang som undergrev truverdet til kommunen og arbeidet så langt i prosessen. Sett i eit demokratisk perspektiv er dette særst uheldig. Dei folkevalde som skal initiera planprosessane får ikkje nyansert og relevant informasjon og heile planprosessen framstår som rotete og tilfeldig.



Naturvernforbundet

Kvam



Naturvernforbundet


Hordaland

Det regionale perspektivet og vurdering av andre område for biogassanlegg

Hardanger har ein allsidig næringsstruktur og det er fleire lokalitetar som kan vera aktuelle for ei slik etablering. Eit døme kan vera den tidlegare fylkeskommunale ferjekaien i Bruravik. Kaien vart lagt ut for sal i 2020, altså midt i forprosjektet. Kaien har betydeleg infrastruktur og ligg i eit område med få konflikhtar. Kaien er no kjøpt av Lingalaks og Eide Fjordbruk for kr 5,7 mill. Hadde Ullensvang kommune reagert tidleg og gått i forhandlingar med fylkeskommunen ville prisen vore enno betre.

Det er fleire stader som burde vore saumfare før ein landa på Tryglavik som «einaste» stad. Døme er område med kai og infrastruktur som Bjølvefossen i Ålvik, Bakka i Strandebar, indre Sørpfjorden, Brimnes og fleire. Offentlege summar har finansiert arbeidet med kartlegginga av eit potensielt biogassanlegg i Hardanger, men det står ikkje spesifikt i søknadane at anlegget **skal** plasserast i gamle Jondal kommune.

Naturvernforbundet forventar at Enova, fylkeskommunen og statlege aktørar kan ha andre plasseringspreferansar enn det som er poengtert av Ullensvang kommune i «grunnlagsdokumentet.» Saka er av regional verdi, men prosjektgruppa og Ullensvang kommune har handsama ho som eit kommunalt prosjekt.



Ullensvang har hatt saka oppe to gongar i kommunestyret. I 2021 der ordførar fekk fullmakt til å tinga om ein endeleg avtale med Renevo⁶ og sist i desember 2022, der sal av tomt til Renevo vart bestemt. Ingen prosjektrapport vart lagt til sakspapira før desse møta.

Forprosjektet skal som namnet tilseier, leggja til rette for at politikarar, administrasjon og ålmenta skal kunna få naudsynt informasjonen i prosjektfasen før ein går til regulering og sal

av grunn. Vidare er det vanleg å undersøkje ulike driftsmodellar: Kva fordelar vil kommunen og regionen få om anlegget vert kommunalt, delkommunalt eller privat? Kva vil vera best for landbruks- og oppdrettsnæringa, som skal levera eit avgjerande råstoff? Ein del av desse spørsmåla er formulert i søknaden til fylkeskommunen i 2019 i «Grøn konkurransekraft» men svara har me ikkje registrert i Ullensvang kommune 4 år seinare.

⁶ <https://www.hf.no/nyhende/plasserer-biogassanlegg-i-tryglavik/>



Naturvernforbundet

Kvam




Naturvernforbundet

Hordaland

Eit forprosjekt utan konklusjon og Enova utan retningslinjer

Når kommunen startar opp reguleringsplanen før forprosjektet er avslutta og vurdert, vil dette undergrava arbeidet og truverdigeita til forprosjektet. Ullensvang kommune har også gjort ein intensjonsavtale med Renevo om sal av tomt i Tryglavik før prosjektarbeidet er avslutta. Argumentet for dette var frå utbyggjar/Renevo si side at Enova måtte ha dette på plass, før dei kunne handsama søknaden. Enova annonserte 23.12.22 at dei har gitt kr 33 mill. til biogass i Jondal. Dette vart referert i fleire media.



Naturvernforbundet stussar på framgangsmåten til Enova og meiner dei bryt fleire viktige prinsipp. Under «Kvalifikasjonskriterier» for Biogass punkt 2 skriv Enova:

«grunnleggende offentlige tillatelser foreligger (aktuelle tomt må være regulert til formålet)»

Dette er rimeleg langt frå sanninga i Tryglavik. Det er grunnleggande feil om staten ved Enova går inn i konkrete saker med store millionbeløp, før dei demokratiske prosessane er avslutta.

Store pengesummar kan lett prega saksframstillinga både politisk og administrativt.

Når kommunen satsar alt på Tryglavik, bidreg dette til ein mindre demokratisk planprosess. «Fallhøgda» eller den kommunale prestisjen er større, når prosjekt skal handsamast under tidspress og etter at viktige avtalar er inngått. Lokalpolitikarar med innspel til planprosessen som bidreg til nye rundar, vert fort vurdert opp mot tidsramma og lovnadar til den nye aktøren, eller Enova sitt store tilskot. Kommunen legg såleis press på alle og har førehandsbestemt at anlegget skal plasserast i Tryglavik.

I denne saka vil Naturvernforbundet gå langt i sin kritikk av kommunen og Enova. Begge bidreg til at den utlyste reguleringsplanen, vert vurdert som ei formalia-sak i det politiske systemet.



Naturvernforbundet

Kvam



Naturvernforbundet

Hordaland

Presisering til planprogrammet

I tillegg har Naturvernforbundet følgjande presiseringar til planprogrammet:

3.8 Strandsone og sjø

Fjorden vert sterkt påverka av det planlagte tiltaket. Det gjeld både stranda og båttrafikken til området. Jf. det me skriv ovanfor er det registrert bambuskorallar som er raudlista, i området. Kaibygging og utfylling i fjorden medfører eit spesielt ansvar for å registrera både bambuskorallar og anna plante- og dyreliv i heile området.

3.9 Naturvern

Som nemnt er Gullbergnotten naturreservat utvida seinast i desember 2022. Det gjev grunnlag for å vurdere om naturverdiane i Tryglavik er like viktige som i naturreservatet. Det kan ha stor verdi å verna eit område med kontakt til fjorden.

3.12 Friluftsliv

Det vert ikkje nemnd at stranda i Tryglavik er unik/einaste i området. Stranda er teke med som ei av to badestrender i "gamle" Jondal i Temaplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2021-2025. Planen vart vedteken og burde vera kjent for dei som har laga reguleringsplanprogrammet. Stranda vert borte for alltid med dei nye planane for Tryglavik.

4. Planprosess og medverknad

Naturvernforbundet reknar seg som ein allmennyttig organisasjon som vil ha medverknad vidare planarbeidet.

5.4 Vurdering etter paragraf 10

Naturvernforbundet er samd i kommunen si vurdering om at tiltaket i planen vil endra området sin karakter vesentleg. Naturvernforbundet meiner at konsekvensane av avfallsproduksjon og utslepp frå tiltaket må vurderast, særleg med tanke på dyre- og plantelivet i fjorden. Som nemnt tidlegare, meiner naturvernforbundet at tiltaket sin verknad på naturreservatet må vurderast nøye. I følge paragraf 49 i naturmangfaldslova

«kan virksomhet som trenger tillatelse etter annen lov, innvirke på verneverdiene i et verneområde skal hensynet til disse verneverdiene tillegges vekt ved avgjørelsen av om tillatelse bør gis. Og ved fastsetting av vilkår. For annen virksomhet gjelder aktsomhetsplikten etter paragraf 5.»

I førearbeidet til siste utviding av Gullbergnotten, skriv Statsforvaltaren 12. august 2020 på side 11⁷:

⁷ <https://www.statsforvalteren.no/siteassets/fm-vestland/miljo-og-klima/verneomrade/vedlegg--samla-tilrading.pdf>



Naturvernforbundet

Kvam



Naturvernforbundet

Hordaland

«Ivaretaking og vidare naturleg utvikling av naturmangfaldet i naturreservata vil også kunne fungere som ei kjelde for å styrke populasjonar av plante- og dyreartar utanfor reservatgrensene jf. naturmangfoldlova paragraf 10 om samla belastning. Ved å utvide eksisterande reservat vil ein gjere naturen meir robust i desse områda, og sikra betre overleving på lang sikt i tråd med forvaltingsmål for artar og naturtypar»

I grunnlagsdokumentet for reguleringsarbeidet vert det skrive at det ikkje er funn av truga artar eller naturtypar. Når det gjeld td raudlistearten bambuskorall er det feil.

Konklusjon

1. Naturvernforbundet kan ikkje sjå at det er gjort grundige naturregistreringar og vurderingar i førearbeidet til dette reguleringsarbeidet, verken i arealdelen til kommuneplanen for Jondal av 2012 eller i grunnlagsdokumentet for detaljreguleringsplan for Tryglavik. Her refererer me til prinsippa i Naturmangfoldlova § 8-12 slik lova krev i §7.
2. Grunnlaget for valet av Tryglavik er for svakt og bør forankrast i fleire faktorar enn logistikk. Dersom kommunen vil industrialisera eit urørt område i strandsona må dei visa til reelle alternativ og grundige utrekningar. Logistikk er berre ein del av bedrifts- og samfunnsanalysen for eit slikt prosjekt.
3. Saka har eit stort demokratisk underskot og er ikkje gjennomført i tråd med vanlig saksgong. Kommunen må avslutta og konkludera i forprosjektet før ein opnar planprosessen.

Naturvernforbundet i Kvam
Klaus Rasmussen
Leiar

Naturvernforbundet Hordaland
Gabriel Fliflet
Leiar

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune, kommunestyrepolitikarane i Ullensvang og media